



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 08.11.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 16.00

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Kommunestyret startar med spørjetime.

Etter spørjetimen vil det bli orientering om Nordhordland Biosfæreområde.

Petter Steen jr. vil frå kl. 14.00 ha ein opplæringssekvens om habilitet.

Sakliste

Saknr	Tittel
96/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
97/2017	Godkjenning av møtebok
98/2017	Referatsaker
99/2017	Orientering om status Alver kommune
100/2017	Felles løns- og rekneskapskontor for Meland, Radøy og Lindås kommunar
101/2017	Tilskot til private barnehagar i 2018 - fastsetjing av satsar
102/2017	Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar i Meland kommune
103/2017	Val av nytt 2. varamedlem til Eldrerådet
104/2017	Bergen og Omland havnevesen (BOH) – etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagte delen av hamneverksemda
105/2017	Etablering av Vest brann- og redningsregion
106/2017	Reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg - 2. gongs handsaming

5. desember 2017
Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2248

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
96/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2248

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
97/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Godkjenning av møtebok frå møte 27.09.17

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 27.09.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 27.09.17 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2248

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
98/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
98/2017.1	Meland kontrollutval - Møteutskrift frå møte 21.09.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild		17/2248

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
99/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Orientering om status Alver kommune

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 026, FE - 520, FE - 210	17/2311

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
111/2017	Formannskapet	PS	18.10.2017
100/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Felles løns- og rekneskapskontor for Meland, Radøy og Lindås kommunar

Vedlegg:

Samarbeidsavtale felles løn og rekneskapskontor Meland-Radøy-Lindås

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I 2015 starta eit prosjekt for å sjå på om det var grunnlag for eit felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Radøy og Meland. Prosjektet har vore eit utviklingsprosjekt, men sikte på å implementere felles elektroniske verkty og rutinar i dei tre kommunane. Prosjektet starta opp før det var fatta vedtak om kommunesamanslåing i dei tre kommunane.

Når det vart vedteken samanslåing av Meland, Radøy og Lindås, vart målet for prosjektet endra frå å «Levere eit beslutningsunderlag til rådmennene (styringsgruppa) for etablering av eit felles lønns- og rekneskapskontor for Radøy, Meland og Lindås med Lindås kommune som vertskommune frå 01.01.2017.» til å «Etablere eit felles løns- og rekneskapskontor for Radøy, Meland og Lindås med Lindås kommune som vertskommune frå 01.08.2018».

Styringsgruppa består av dei tre rådmenna i Meland, Radøy og Lindås. Prosjektgruppa består av økonomisjefane i dei tre kommunane, avdelingsleiar for løn- og rekneskap i Lindås og ein HTV som er vald av dei tillitsvalde for å representere alle dei tre kommunane. Dei tilsette på løns- og rekneskapsavdelingane i dei tre kommunane har vore med å utarbeide mal for kva dataverktøy og systemløyisingar som skal nyttast ved det nye kontoret. Det er dei tilsette som står for implementering av dei elektroniske verktøy og opplæring av den øvrige kommunale organisasjonen i bruken.

Framlegg til organisering av samarbeidet har vore drøfta med dei tillitsvalgte i dei tre kommunane. Styringsgruppa vurderer at eit nytt felles løns- og rekneskapskontor bør organiserast etter kommuneloven §28 -1b, administrativt vertskommune-samarbeid.

Heimel for samarbeid, kommunelova § 28-1 b):

1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.
2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.

3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.
4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.
5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.
6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 35 første ledd.

Kommunelova § 28-1 e. Samarbeidsavtalen

1. For et vertskommunesamarbeid skal det opprettes en skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Endringer i avtalen som gjelder forhold som omtalt i nr. 2 og 3, skal skje på samme måte.

2. Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om:

- a) angivelse av deltakerne og hvilken av disse som er vertskommunen,
- b) hvilke oppgaver og hvilken avgjørelsesmyndighet som skal legges til vertskommunen,
- c) tidspunkt for overføring av oppgaver og avgjørelsesmyndighet,
- d) underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,
- e) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen,
- f) nærmere regler for utreden og avvikling av samarbeidet,
- g) annet som etter lov krever avtale.

3. I avtale om vertskommunesamarbeid med felles nemnd skal avtalen også inneholde bestemmelser om antall representanter i nemnda fra den enkelte deltaker.

4. I et vertskommunesamarbeid mellom kommuner skal vertskommunen orientere fylkesmannen om etableringen av samarbeidet. I et vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner skal vertskommunen orientere departementet om etableringen av samarbeidet.

Likelydande sak om samarbeidet vert fremja for kommunestyra i Radøy og Lindås kommunar, men slik at Lindås kommune ikkje har med pkt 2 i framlegget til vedtak, då slikt delegasjonsvedtak ikkje er naudsynt å gjere i den kommunen som skal vere vertskommune for samarbeidet.

For Meland kommune inneber vedtaket (basert på førebels planlegging) at 4 av dei totalt 6,5 årsverka på økonomikontoret vert overført til det nye felles løns- og rekneskapskontoret. Dei resterende 2,5 årsverka vil ha oppgåver med budsjettarbeid, budsjettoppfølging, økonomioppfølging av tenestemråda, innkjøp, eigedomsskatt, finansiering/lån og sakshandsaming i økonomisaker.

Dei tilsette som vert overført opprettheld sin opparbeidde anisennitet inn i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande vedr. felles løns- og rekneskapskontor for Meland, Radøy og Lindås kommunar:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å delegere mynde til rådmannen i Lindås kommune.
3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

Formannskapet - 111/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande vedr. felles løns- og rekneskapskontor for Meland, Radøy og Lindås kommunar:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å delegere mynde til rådmannen i Lindås kommune.
3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 223	17/2285

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
110/2017	Formannskapet	PS	18.10.2017
101/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Tilskot til private barnehagar i 2018 - fastsetjing av satsar

Vedlegg:

Forskrift av 09.10.2015 om tildeling av tilskudd til private barnehager
KS-artikkel 02.10.2017 Lovforslag om bemanningsnorm er underfinansiert
Pedagog- og bemanningsnorm Barnehagar KS berekning 11.09.2017
KS-Høyringsvar om endringer i barnehageloven 22.09.2017

Saksopplysningar:

Det vart hausten 2015 vedteken ny forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar. Forskrifta er sist oppdatert 01.07.2017 med ny § 5a som omhandlar tilskot til pedagogisk bemanning, gjeldande frå 01.08.2017. Forskrifta inneheld staten sine satsar for kapitaltilskot og driftstilskot i 2017. Satsar for 2018 vil komme frå Utdanningsdirektoratet etter at statsbudsjettet for 2018 er lagt fram. I fjor kom oppdaterte tall 31. oktober med satsar for kapitaltilskot, korrekt deflator og maksimalpris for 2018. Dette er informasjon kommunen treng for å kunne fatte eit korrekt vedtak.

Forskrifta seier i § 9 at kommunen skal fatte vedtak om satsar innan 31. oktober i året før tilskotsåret. Merknadane til forskrifta (sjå side 9 i vedlagte forskrift med merknadar) seier at:
Vedtaket skal inneholde kommunens satsberegning eller opplyse om at kommunen vil benytte satser fastsatt av departementet. Det må fremkomme i vedtaket at den endelige satsen kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringer i kommunal deflator og maksimalprisen.

Framlegget til stasar for Meland kommune må difor oppdaterast med ny informasjon frå Utdanningsdirektoratet (Udir) etter handsaminga i formannskapet 18. oktober, men før kommunestyremøtet 8. november.

Kommunen sitt tilskot til dei private barnehagane vil bestå av følgjande element:

1. Barnetal

Grunnlag for tilskotsberekninga er barnetal i den private barnehagen 15. des. i året før tilskotsåret. Barnetalet påverker ikkje satsane per barn. Det totale tilskotet til den einkilde barnehagen kan såleis ikkje reknast ut før i januar 2018. I budsjettet for 2018 legg kommunen til grunn ein prognose for barnetalet per 15.12.2017 i dei private barehagane.

2. Sats per barn for driftstilskot ordinære barnehagar
 Skal reknast ut basert på driftskostnadane i den kommunale barnehagen to år før tilskotsåret. For 2018 skal rekneskapen for 2016 leggjast til grunn. Grunnlaget frå rekneskapen i 2016 skal prisjusterast med kommunal deflator for 2017 og 2018. Kommunen sine faktiske pensjonsutgifter skal tas ut av berekningsgrunnlaget, og ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal brukast istadenfor. KS og PBL lanserte 07.03.2017 oppdatert versjon av Veileder for beregning av tilskudd til private barnehager (Oppdatert versjon 1.2.2017). Meland kommune har benyttet denne modellen til utrekning av satsane for 2018. Basert på drifta i Marihøna Barnehage i 2016 vert satsane for heildags driftstilskot i 2018 slik:
 Små born 0 – 2 år: kr 176.289,-
 Store born 3 – 6 år: kr 82.884,-
3. Sats per bar for driftstilskot familiebarnehagar
 Meland kommune har ikkje eigne familiebarnehagar og må difor nytte satsane i forskrifta § 7, justert for forventa deflator for 2018. Satsar for heildags driftstilskot til familiebarnehage er førebels rekna til:
 Små born 0 – 2 år: kr 156.100,-
 Store born 3 – 6 år: kr 118.900,-
 Kapitaltilskot familiebarnehage: kr 13.100,-
4. Tilskot til pedagogisk bemanning.
 Ny § 5a seier at kommunen skal gje tilskot til styrking av den pedagogisk bemanninga i dei private barnehagane med ein fast sats per heiltidsplass. Tiltaket er finansiert med auke i dei statlege rammeløyvingane. KS har i vedlagte notat hevda at dette nye tiltaket er underfinansiert med om lag kr 1 mrd. Løyvingane i statsbudsjettet vil vise om Meland kommune sitt tilskot til dei private barnehagane for auka krav til pedagogbemanning er tilstrekkeleg finansiert. KS sine utrekningar viser at dei private barnehagane sine auka kostnadar for å tilpasse seg dei nye krava vert høgare enn tilskotet, og må i så fall tilpasse drifta for å oppfylle dei nye bemanningskrava. Tilskotet er i 2018 førebels fastsatt til:
 Små born 0 – 2 år: kr 2.158,-
 Store born 3 – 6 år: kr 1.199,-
5. Tilskot til kapital
 Tilskot til kapital er avhengig av barnehagen sitt byggeår. Tabellen nedanfor viser forskrifta sine satsar for 2016 og 2017, og det som førebels er lagt til grunn for 2018.

2016		2017		Førebels Meland kommune 2018:	
Barnehagebyggets byggeår:		Barnehagebyggets byggeår:		Barnehagebyggets byggeår:	
Før 2008	8 800	Før 2009	8 600	Før 2010	8 600
2008 - 2010	14 100	2009 - 2011	14 400	2010 - 2012	14 400
2011 - 2013	17 400	2012 - 2014	16 800	2013 - 2016	16 800
2014 - 2016	18 300	2015 - 2017	20 900	2016 - 2018	20 900
Familiebarnehagar:	12 900		13 100		13 100

For den einsskilde barnehage i Meland kommune har vi såleis berekna førebels satsar slik:

Kapitaltilskot per barn ihht. Barnehagens Byggeår

Barnehage	Adresse	Gbnr	År tatt i bruk eller ferdigattest	Eventuelle tilbygg	2016	2017	førebels 2018
Læringsverkstedet barnehage (avd. Flatøy)	Flatøyvegen 70	01/50	Eldre bygg	Tilbygg (145m2-BRA) tatt i bruk 2.5.1985	8 800	8 600	8 600
Maurtua barnehage	Juviknipa 1	22/175	18.05.2004		8 800	8 600	8 600
Leirdalen barnehage Sa	Rosland	43/147	31.08.2005		8 800	8 600	8 600
Leiketun barnehage AS	Holtermannsvegen 2	22/505	22.08.2005	Tilbygg (6m2-BRA) tatt i bruk 28.11.2014	8 800	8 600	8 600
Espira Marthahaugen barnehage	Ådlandvegen 325	22/199	15.02.2007		8 800	8 600	8 600
Blåklokka barnehage	Melandsvegen 38	10/52, 218	25.08.2008	Hovedbygg 947m2-BRA ferdig 2008. Tilbygg (230m2-BRA) ferdigattest 23.10.2012. Andel sats 2008 80%, andel sats 2012 20%	14 760	10 240	9 760
Drømmehagen barnehage AS	Floghaugane 61	22/226	01.10.2013		17 400	16 800	16 800

Basert på punkt 1 – 5 over kan vi så oppsummere satsar for tilskot til den einsskilde private barnehage i 2018 slik:

Satsar for kommunalt tilskot	Blåklokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskot barn 0-2 år	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	156 100
Driftstilskot store barn barn 3-6 år	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	118 900
Tilskot til pedagogisk bemanning barn 0-2 år	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	
Tilskot til pedagogisk bemanning barn 3-6 år	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	
Kapitaltilskot per barn	9 760	16 800	8 600	8 600	8 600	8 600	8 600	13 100

Satsane må justerast når UDIR oppdaterer forskrifta om tildeling av tilskot til private barnehagar med satsar for kapitaltilskot, korrekt deflator og maksimalpris for 2018.

Framlegg til nye satsar for driftstilskot er noko redusert i forhold til tilsvarande i 2017, som vist i tabellen under. Reduksjonen er 2,1% for små barn og 3,3% for store barn. Endringa skuldast auka barnetal i Marihøna Barnehage ved utgangen av 2016. I fjorårets økonomiplan (2017-2020) side 19 var det budsjettert med ein enda større nedgang i tilskotet i 2018 enn det no viser seg å bli.

Driftstilskot per barn	2017	2018	Endring 2017-2018	Endring i %
0-2 år	180 108	176 289	-3 819	-2,1 %
3-6 år	85 702	82 844	-2 858	-3,3 %

Vi har så langt rekna med at kapitaltilskotsatsane vert uforandra frå 2017.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsatsar til private barnehagar i 2018:

Satsar for kommunalt tilskot	Blåklokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskot barn 0-2 år	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	156 100
Driftstilskot store barn barn 3-6 år	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	118 900
Tilskot til pedagogisk bemanning barn 0-2 år	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	
Tilskot til pedagogisk bemanning barn 3-6 år	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	
Kapitaltilskot per barn	9 760	16 800	8 600	8 600	8 600	8 600	8 600	13 100

Satsane må justerast når UDIR oppdaterer forskrifta om tildeling av tilskot til private barnehagar med satsar for kapitaltilskot, korrekt deflator og maksimalpris for 2018.

Formannskapet - 110/2017**FS - behandling:****FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsatsar til private barnehagar i 2018:

Satsar for kommunalt tilskot	Blåklokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskot barn 0-2 år	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	176 289	156 100
Driftstilskot store barn barn 3-6 år	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	82 844	118 900
Tilskot til pedagogisk bemanning barn 0-2 år	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	2 208	
Tilskot til pedagogisk bemanning barn 3-6 år	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	1 227	
Kapitaltilskot per barn	9 760	16 800	8 600	8 600	8 600	8 600	8 600	13 100

Satsane må justerast når UDIR oppdaterer forskrifta om tildeling av tilskot til private barnehagar med satsar for kapitaltilskot, korrekt deflator og maksimalpris for 2018.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	TI - &00, TI - &01	17/1793

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
112/2017	Formannskapet	PS	18.10.2017
102/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar i Meland kommune

Vedlegg:

Særutskrift frå møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Interpellasjon 10.05.17

I kommunestyremøtet 10.05.17 vart det fremja ein interpellasjon frå representanten Øyvind Bratshaug, Frp. Det vart i interpellasjonen sett fokus på den utfordringa arbeidsmarknadsbedrifter har med å skaffe praksisplass for personar som har nedsett arbeidsevne eller som har problem med å nå fram i den ordinære arbeidsmarknaden. Det vart peikt på at dette er grupper i samfunnet som har særlege behov, anten det er av helseårsaker, inkludering/integrering eller behov for å vinne erfaring i arbeidslivet.

Det vart vidare peikt på at det nye tiltaket «Arbeidsforbedrende trening» (AFT) vil krevje mange praksisplassar i tida framover. Regelverket for offentlege innkjøp opnar for å kunne ha ein sosial profil på innkjøpa, der oppdragsgjevar, i dette tilfellet kommunen, kan bruke regelverket på ein ny måte. Retningslinjer for slike inkluderande kontraktar er no på veg inn som politisk føring i mange kommunar, t.d. i Bergen kommune.

Kommunestyret bad rådmannen om å komme tilbake med ei sak om korleis Meland kommune kan nytte inkluderande kontraktar, jf. § 8-8 i anskaffelsesforskrifta.

Innkjøpsregelverket

Innkjøpsregelverket opnar for at oppdragsgjevar kan reservere retten til å delta i konkurransen for bestemte verksemdar på gitte vilkår. Dette er uttrykt gjennom fleire likelydande paragrafar i anskaffelsesforskrifta, jf. §§ 8-8, 16-9 og 30-3. Det går her fram at oppdragsgjevar kan avgrense konkurransen til verksemdar eller program som har som hovudføre mål å integrere personar med nedsett funksjonsevne eller vanskelegstilte personar i arbeidslivet. Kravet her er at minst 30% av dei tilsette i verksemda eller programmet har ei funksjonshemming eller er vanskelegstilte.

Dersom oppdragsgjevar vil bruke denne ordninga må det stå i kunnjingeringa. Slike kontraktar går under nemninga *Reservert kontrakt*.

Det er også opna for at oppdragsgjevar kan stille krav om ein viss bruk av tilsette som har ei funksjonshemming eller som er vanskelegstilte. Dette kan då gjerast anten ved som eit definert krav i kontrakten eller som eit tildelingskriterium. Slike kontraktar går under nemninga *Inkluderande kontrakt*.

Status for innkjøp i Meland kommune

Innkjøp i Meland kommune går i all hovudsak gjennom 3 ulike område:

1. Meland kommune er med i innkjøpsordninga i Bergen kommune, og ein svært stor del av kommunen sine innkjøp vert gjort gjennom denne ordninga. Rådmannen er kjent med at Bergen kommune over mange år har nytta reserverte kontraktar og at byrådet også har vedtatt ein innkjøpsinstruks for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden (inkluderande kontraktar). Rådmannen legg til grunn at Meland kommune gjennom si tilslutning til innkjøpsordninga får høve til å delta i dei innkjøpsavtalane som er inngått, anten dette er reserverte kontraktar, inkluderande kontraktar eller heilt ordinære innkjøpskontraktar.
2. Også IKT er eit stort innkjøpsområde i kommunen. Her vert innkjøpsprosessane styrt gjennom IKT Nordhordland/Osterøy kommune.
3. Kommunen gjer også store innkjøp innan teknisk sektor. Desse innkjøpa går helst innan høgkompetansefeltet, type konsulentoppdrag, entrepenøroppdrag, større utbyggingsoppgåver m.m. Det er lite truleg at desse innkjøpsbehova kan løysast gjennom dei leveransane ulike arbeidsmarknadsverksemder kan tilby og bruk av reservert kontrakt. Unntaket kan vere t.d. vaktmeistertjenester, i den grad kommunen har behov for å kjøpe desse. Per i dag vert t.d. vaktmeistertjenester i Frekhaug senter løyst via kontrakt med Gløde AS. (Kontrakten er her mellom Frekhaug Senterforening, der Meland kommune er medlem, og Gløde AS). Meland kommune har elles avtale med Gløde AS om kantinedrifta på rådhuset, pluss kjøp av møtemat og gåver til åremålsdagar.

Vurdering:

Meland kommune har eit samfunnsansvar og kommunen bør absolutt vere ein bidragsytar til å skaffe arbeidsoppdrag til arbeidsmarknadsbedrifter, og også medverke til at ordinære bedrifter tilbyr arbeidsplassar til funksjonshemma og andre vanskelegstilte. Sjølv om innkjøpsfeltet i kommunen i stor grad ligg innanfor dei 3 områda som er lista opp under saksutgreiinga, og omfanget av innkjøpsprosessar utover dette er avgrensa, kan det likevel vere område der kommunen både kan og bør bruke både reserverte kontraktar og inkluderande kontraktar. Rådmannen er kjent med at mange kommunar nyttar reserverte kontraktar for t.d. transportoppdrag, kantinedrift, vedlikehalds-/ryddearbeid, distribusjon av matvarer, vaskertjenester, stell av uteområde, turstiar, reparasjon av små maskinar m.m. Det er noko vanskelegare å definere område som kan vere aktuelle for inkluderande kontraktar, dette bør vurderast i kvar enkelt innkjøpssak.

Folkehelse: Ikkje aktuelt i saka

Miljø: Leveranse frå lokale arbeidsmarknadsverksemder kan gi mindre behov for transport.

Økonomi: Dersom ein konkurranse vert avgrensa til å gjelde for arbeidsmarknadsverksemdar kan det bli færre tilbydarar. Samstundes er lønsnivået i desse verksemdene lågare enn i ordinære verksemdar, dette kan trekke difor trekke i motsett retning.

Konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at det ved planlegging av eit innkjøp vert gjort ei vurdering av om det kan vere aktuelt med bruk av reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt. Det skal då først gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg som ein reservert kontrakt etter anskaffelsesforskrifta. Dersom kontrakten ikkje eignar seg for ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg som ein inkluderande kontrakt etter same forskrift. Skriftleg vurdering av dette skal følgje innkjøpsprotokollen eller som eige notat dersom det ikkje vert skrive protokoll. Det er sjølvstundt ein føresetnad at det generelle regelverket for off. innkjøp vert følgt, m.a. når det gjeld terskelverdiar.

Rådmannen vil elles peike på at innkjøpsregimet truleg kjem til å bli annleis om berre 2,5 år. Alver kommune vil ha heilt andre føresetnader for å etablere ei eiga avdeling eller stab med særskilt kompetanse på innkjøp og ansvar for kravspesifikasjonar, anbudsrunder, kontraktar m.m. Per i dag vert dei innkjøpsavtalane som går gjennom innkjøpsordninga med Bergen kommune styrt via økonomikontoret. Innkjøpa innan teknisk sektor vert handtert frå tenesteområdet.

Alle gjeldande innkjøpsavtalar i dei 3 kommunane må gjennomgåast før etablering av den nye kommunen, og nye avtalar må etablerast for alle aktuelle innkjøpsfelt. Lokale retningslinjer for Meland kommune om reserverte/inkluderande kontraktar vil difor uansett få ein avgrensa virkeperiode.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtar slike retningslinjer ved bruk av reserverte og inkluderande kontraktar i Meland kommune:

1. Ved planlegging av eit innkjøp skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg som ei reservert kontrakt etter reglane om slike kontraktar i anskaffelsesforskrifta. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.
2. Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.
3. Dersom korkje reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt vert vurdert som egna, vert innkjøpet utlyst på vanleg måte, etter dei reglane som gjeld i anskaffelsesforskrifta.»

Formannskapet - 112/2017

FS - behandling:

Nils Marton Aadland er styreleiar i Gløde AS, Anne Grete Eide og Sølvi Knudsen er medlemmer i styret i Gløde AS. Alle tre bad formannskapet vurdere deira habilitet ved handsaming av saka. Nils Marton Aadland, Anne Grete Eide og Sølvi Knudsen gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Mabel Johansen, Tormod Skurtveit og Rune Skår tok sete ved handsaming av habilitetssprøsmålet.

Avrøysting:

Med tilvising til § 6.2.e i forvaltningsloven vert Nils Marton Aadland, Anne Grete Eide og Sølvi Knudsen samrøystes erklært inhabile.

Mabel Johansen, Tormod SKurtveit og Rune Skår tok del i handsaming av saka.

Framlegg til tilleggspunkt i møtet:

Kommunestyret ber om rapportering i årsmeldinga.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Framlegg i møte pkt 4 vart samrøystes vedteke.

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar slike retningslinjer ved bruk av reserverte og inkluderande kontraktar i Meland kommune:

1. Ved planlegging av eit innkjøp skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg som ei reservert kontrakt etter reglane om slike kontraktar i anskaffelsesforskrifta. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.
2. Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.
3. Dersom korkje reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt vert vurdert som egna, vert innkjøpet utlyst på vanleg måte, etter dei reglane som gjeld i anskaffelsesforskrifta.
4. Kommunestyret ber om rapportering i årsmeldinga.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv	FE - 033	15/2772

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Val av nytt 2. varamedlem til Eldrerådet

Vedlegg:

Sæterskrift frå møte i Meland helselag 03.10.17 - Val av 2. varamedlem til helselaget sitt medlem i Eldrerådet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Etter Jorunn Brakstad sin bortgang må det veljast nytt 2. varamedlem til Eldrerådet. Olaug Tveit rykkjer opp som fast medlem og Randi Iden rykkjer opp som 1. varamedlem.

Styret i Meland helselag har i møte 3. oktober gjort samrøystes framlegg om Wenche Ervik Sæle som 2. varamedlem til Eldrerådet.

Framlegg til vedtak:

Wenche Ervik Sæle vert vald til 2. varamedlem til Eldrerådet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 026, FA - P01	17/1721

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/2017	Formannskapet	PS	18.10.2017
104/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Bergen og Omland havnevesen (BOH) – etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagte delen av hamneverksemnda

Vedlegg:

Stiftelsesdokument for Bergen og Omland Havn IKS

Selskapsavtale for Bergen og Omland Havn IKS

BOH - brev til Samferdselsdepartementet fra WR 23.11.2016

BOH - Brev fra Samferdselsdepartementet 20.12.2016 med følgebrav fra WR

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til kommunestyresak 77/2016 «Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i Bergensregionen» Saka blei handsama 21.09.16 med følgjande vedtak:

Kommunestyret godkjenner «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» («Intensjonsavtalen»), datert 17.06.2016.

Ordførar får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte intensjonsavtale og utkast til vedtekter samt andre retningslinjer som går fram av saka, som å fastsetje endeleg opningsbalanse, teikne aksjar, gjennomføre kapital- og tingsinnskots, halde konstituerande generalforsamling kor styre og revisor vert valde. Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av verdier, vert tatt vare på av styret og dagleg leiing i det nye selskapet.

Kommunestyre godkjenner at Byrådet i Bergen får fullmakt til å avvikle BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemnda er etablert i samsvar med pkt. 2 i dette vedtaket.

Aksjekapitalinnskotet frå Meland kommune på NOK 100 000 vert finansiert ved å redusere disposisjonsfond tilsvarande.

Det nye hamneselskapet Bergen og Omland Hamn AS (BOH AS) vart stifta 04.11.2016 i samsvar med vedteken intensjonsavtale. På stiftingsmøtet vart eigarkommunane informert om behovet for ei avklaring av delegasjon av mynde, bl.a. dei lovpålagte oppgåvene etter hamne- og farvasslova § 10. Slikt mynde er i dag delegert frå deltakarkommunane til Bergen og Omland Havnevesen (BOH).

I november 2016 vart det sendt ein førespurnad til Samferdselsdepartementet om muligheita for at alle dei lovpålagte oppgåvene kan overførast til BOH AS. Samferdselsdepartementet meiner at den delen av hamneverksemda som gjeld utøving av offentleg mynde ikkje kan delegerast til private. Sjølv om BOH AS ifølgje vedtektene berre kan eigast av kommunar, ser departementet selskapet i utgangspunktet som ein privat aktør.

Problemstilling vart drøfta på eigarmøte i BOH og BOH AS (24. mars 2017). For å sikre at prosessen knytt til den nye hamnemodellen i regionen ikkje skal verta ytterlegare forsinka, vart det på fremja ei alternativ løysing. Denne løysinga inneber at det i staden vert oppretta eit interkommunalt selskap (IKS), med direkte eigarskap under dei kommunane som er med i BOH AS, dvs ikkje som eit dotterselskap av BOH AS. Departementet kan akseptere delegasjon av den enkelte kommune si mynde til eit felles eigd IKS, for å ivareta den lovpålagte utøvinga av mynde i hamnesamarbeidet.

Skisse til IKS-modell

Ei IKS-løysing for å ivareta eigarkommunane i BOH AS sine myndigheitsoppgåver etter hamne- og farvasslova § 10, kan etablerast med tilsvarende eigarbrøk og innflytelse i styrande organ som for BOH AS. I det nemnde eigarmøtet i mars 2017 vart det presentert eit forslag til stifting og finansiering av Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), jf. følgjande hovudpunkt:

- *Bergen og Omland Havn IKS ("BOH IKS") blir stifta med MNOK 10 i eigenkapital. Eigenkapitalen BOH AS blir sett ned til MNOK 540.*
- *Eigarskap for deltakarkommunane i eit IKS har same forhold som i BOH AS.*
- *Ingen ekstra økonomisk belastning for deltakarkommunane.*
- *Det er begrensa risiko for deltakarkommunane ettersom BOH IKS berre ivaretar kommunane si utøving av mynde til sjølvkost.*
- *BOH IKS skal ikkje drive kommersiell verksemd, berre ha til formål å ivareta kommunane si lovpålagte utøving av mynde.*

I ettertid har leiinga i dagens BOH kome med eit innspel om at det neppe er behov for 10 mill. kroner i eigenkapital ved etableringa av det nye selskapet, og at det er tilstrekkeleg med ein eigenkapital på 5 mill. Denne tilrådinga frå BOH er lagt til grunn ved det vidare arbeidet knytt til etableringa av BOH IKS.

Nærare om selskapskapital, eigardel, ansvar og styrande organar.

Eigardel og ansvar

Det vert lagt opp til at eigardel og innflytelse i styrande organ i BOH IKS skal vera analogt til tilsvarende samansetning i BOH AS. Det vert ingen ekstra økonomisk belastning for deltakarkommunane ved IKS-etableringa. Eigenkapital på 5 mill blir finansiert ved at eigenkapitalen i BOH AS blir redusert frå MNOK 550 til MNOK 545.

Tabellen under viser omforeint forslag til fordeling av dei respektive deltakarkommunane sine prosentvise eigardelar, og tilsvarende ansvar som den enkelte deltakar heftar uavgrensa når det gjeld selskapet sine forplikingar i det planlagte BOH IKS. Denne fordelinga er identisk lik med eigarfordelinga i BOH AS.

Kommune/deltaker	Innskudd NOK	Prosentvis eierandel i Selskapet	Prosentvis fordeling av ansvar
Askøy	0	5	5
Austrheim	0	1	1
Bergen	5 000 000	50	50
Fedje	0	1	1
Fjell	0	11	11
Lindås	0	16	16
Meland	0	1	1
Os	0	5	5
Radøy	0	1	1
Sund	0	1	1
Øygarden	0	8	8
SUM	5 000 000	100	100

Representantskapet

Alle deltakar-kommunane skal kvar velja eitt medlem, og samt eitt varamedlem til representantskapet i BOH IKS, og representantskapet skal ha møte minst ein gong i året. Stemmeretten følgjer dei enkelte deltakar-kommunane sin prosentvise eigardel i selskapet, og avgjerdene vert normalt gjort med alminneleg fleirtal av stemmene som er representert. Ettersom det er eigarane av A-aksjene i BOH AS som har rett til å velja møteleiar på generalforsamlinga, er det naturleg at det er omlandskommunane som også skal ha rett til å velja leiar til representantskapet i BOH IKS.

Styret

Selskapet skal ha åtte deltakarvalde styremedlemmer som følgjer kommuneval-perioden. Det er eit mål at styret i BOH IKS skal ha same samansetting som BOH AS.

Av dei åtte styremedlemmene skal Bergen kommune, med ein eigardel på 50 %, ha rett til å utpeika fire styremedlemmer, inkludert leiar i styret. Dei fire resterande styremedlemmene vert fordelt mellom dei andre deltakarkommunane. Kommunane Fjell, Lindås og Øygarden skal ha rett til å utpeika kvar sitt styremedlem, medan kommunane Askøy, Austrheim, Fedje, Meland, Radøy, Os og Sund har rett til å utpeika eitt styremedlem i fellesskap. Dette forslaget til fordeling av styremedlemmer i BOH IKS er identisk med fordelinga som er gjennomført for BOH AS.

Delegasjon av lovpålagte forvaltningsoppgåver til BOH IKS

Ved stiftinga av BOH IKS vil dei lovpålagte forvaltningsoppgåvene samtidig bli delegert frå deltakar-kommunane til BOH IKS. Det vert lagt opp til at selskapet ikkje skal ha egne tilsette, og at det vil bli inngått ein tenestekjøpsavtale mellom BOH IKS og BOH AS for ivaretaking av kommunane si lovpålagte utøving av mynde.

Vidare prosess for etablering av BOH IKS

Det vidare arbeidet med etableringa av BOH IKS og implementering av den nye hamnemodellen i Bergensregionen kan samanfattast som følgjer:

- Vedtak om oppretting av BOH IKS i den enkelte deltakarkommune
- BOH IKS vert stifta
- Oppgåvene vert delegert til BOH IKS når selskapet er etablert
- Tilsette og driftsmidlar vert verande i dagens BOH inntil dei vert overført til BOH AS
- BOH IKS kjøper tenester av BOH/BOH AS for å utøva lovpålagte oppgåver.
- Hamne- og farvasslova og IKS-lova er begge under revisjon. Modellen med IKS for utføringa av dei lovpålagte oppgåvene vert endra til AS dersom dei komande lovendingar opnar for dette.

Stiftinga av BOH IKS vil bli gjennomført med bakgrunn i ovannemnte utkast til stiftingsdokument og selskapsavtale. Straks etter stiftingsmøtet vil det bli halde eit konstituerande representantskapsmøte der bl.a. styret for BOH IKS blir formelt valt. Styret vil, saman med den daglege leiinga i selskapet, jf. den nemnde tenestekjøpsavtale, få hovudansvaret for det vidare arbeidet med å få gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene knytt til etablering av BOH IKS.

Vurdering

Ettersom Samferdselsdepartementet har gitt tilbakemelding om at offentlig mynde ikkje kan delegerast til aksjeselskap, finn rådmannen det fornuftig at det blir oppretta eit IKS som kan ivareta Meland kommune si utøving av mynde etter hamne- og farvasslova. Dette sikrar at intensjonane i dagens hamne- og farvasslov blir følgt, samtidig med at ein på ein god måte, gjennom ein tenestekjøpsavtale, knyttar til seg den gode kompetansen og kapasiteten som finst i dagens BOH. Dette er også eit viktig grep for å få på plass endelig oppstart av BOH AS.

Modell med eit IKS synes også å vera fleksibel med omsyn til ei framtidig tilpassing til eventuelle endringar i hamne- og farvasslova og IKS-lova. Begge desse lovområda er for tida under revisjon. Dersom det seinare vert opna for at oppgåvene knytt til utøving av mynde i tilknytning til hamne- og farvassforvaltninga kan delegerast til BOH AS, vil det vera relativt ukomplisert å avvikla BOH IKS, og i staden delegera til BOH AS, evt. eit dotterselskap til å ivareta kommunen sine lovpålagte utøving av mynde.

Ei etablering av BOH IKS vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for Meland kommune.

Rådmannen rår til at Meland kommune godkjenner at BOH IKS blir etablert.

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndigheitsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS
2. Ordføraren får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskott og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor. Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, vert ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.

3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Meland kommune si mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS. Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Meland kommune sitt høve til å sette i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.
4. Frå Meland kommune blir.....(namn)og valt inn som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS.

Formannskapet - 113/2017

FS - behandling:

Framlegg til medlem og varamedlem frå Marit Jøssang:

Ordførar og varaordførar vert medlem og varamedlem.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

1. Meland kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS
2. Ordføraren får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskot og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor. Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapetableringa og overføringa av kapital/verdiar, vert ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.
3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Meland kommune si mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS. Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Meland kommune sitt høve til å sette i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.
4. Frå Meland kommune blir Øyvind H. Oddekalv og Nils Marton Aadland valt inn som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FA - M80, TI - &10	16/2595

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
114/2017	Formannskapet	PS	18.10.2017
105/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Etablering av Vest brann- og redningsregion

Vedlegg:

VEDLEGG 1 Rapporten Brannsam arbeid i bergensregionen

VEDLEGG 2 Vedtekter april 2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bergensalliansen er ein politisk møteplass for 22 kommunar i Hordaland og har som formål å styrke konkurransevna til Bergensregionen og setje felles utfordringar og høve til utvikling i den funksjonelle byregionen på dagsorden. Bergensalliansen skal også søkje samarbeid mellom aktørane i regionen i strategisk viktige saker for byregionen, og vere den viktigaste møteplassen for den politiske leiinga i regionen.

Bergensalliansen har gjennom fleire år sett på dei utfordringane og risikobiletet som brann- og redningstenestene i regionen vår møter. Alliansen gjennomførte difor ei eiga risikokartlegging for kommunane i Bergensalliansen vinteren 2013, som vart presentert for medlemmene i Bergensalliansen i mars 2014. Kartlegginga viste fram utfordringane vi har i regionen. Ho førte til ein eigen brann- og redningskonferanse i juni 2014 for alle dei politiske og administrative leiarane i Hordaland.

For å følgje opp konferansen gjennomførte Bergensalliansen ein studie av tenkjelege utvegar, saman med alle kommunane i Hordaland hausten 2014 og våren 2015, som drøfta eit mogleg samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester i regionen vår.

Rapporten frå studien tilrådde, basert på ei kvalitativ vurdering av kriteria som blei lagt til grunn for studien, at det vert skipa eit samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester frå kommunane med eit felles styre for samarbeidet, at det vert skipa eit sekretariat som skal samordne og følgje opp samarbeidet og at ein brukar vertskommune for oppgåver som samarbeidssekretariatet skal ta hand om.

Bergensalliansen valde difor å ta tilrådinga frå studien om å etablere ein samarbeidsmodell, og utarbeide eit forslag til eit felles saksframlegg som kan handsamast i kommunestyra i løpet av 2017.

Til å utarbeide eit felles grunnlag for avgjerd, som skal sendast til dei enkelte kommunane for politisk handsaming, sette Bergensalliansen i 2016 ned eit prosjekt. Dette prosjektet skulle arbeide fram eit forslag til korleis brann- og redningstenesta kunne organiserast gjennom eit samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i regionen.

Alliansen spurde Bergen kommune, ved Bergen brannvesen, om å vere kommunen som kunne gjennomføre prosjektet. Det blei utarbeidd ei skildring av prosjektet og gitt eit mandat for arbeidet.

Rapporten med tilrådingar blei overlevert Bergensalliansen oktober 2016. Rapporten blei drøfta i møte i januar 2017. Her vart det tilrådd å sende rapport til politisk handsaming i kvar av kommunane.

Regjeringa har gitt prosjektet og etableringa av samarbeidet status som nasjonal pilot.

Bergensalliansen tilrår at det vert etablert eit regionalt samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen for å tryggje eit samla fagmiljø med høg kompetanse, effektiv leiing, fleksibilitet, spesialistmiljø og for å halde oppe naudsynt lokal beredskapskapasitet.

Tilrådinga inneber at det vert skipa formelle og strukturerte nettverk for å dele kunnskap og utveksle røynsler. I hovudsak er framlegget basert på å hente ut faglege synergjar gjennom å samhandle betre, ha felles system og få til ei tenleg fordeling av oppgåver.

Dei større fagmiljøa må vere rause overfor dei mindre kommunane som har mindre kapasitet og ressursar. Det medfører at dei største fagmiljøa må yte meir kompetanse og ressursar enn dei mindre kommunane.

Gjennom det regionale brannsamrådet skal kommunane få tilgang til spesialtenester og spisskompetanse innan alle relevante fagområde. Dette inneber også tilgang til fagsystem, prosedyrar, faglege nettverk og kvalitetsstandardar.

Det regionale brannsamrådet er foreslått regulert gjennom eit felles overordna plandokument basert på risikobiletet i regionen og som byggjer bru mellom brannordningane i den enkelte kommune. Dette vil gje ei tydeleg og føreseieleg skildring av samvirket mellom lokale kapasitetar og regionale forsterkningsressursar. Det regionale planverket vil vere felles operative handlingsplan for kommunane som kvitterer ut risiko definert i m.a. overordna ROS-analysar og i fylkes-ROS.

Samarbeidet vil omfatte følgjande fagområde:

Det regionale brannsamrådet er foreslått regulert gjennom eit felles overordna plandokument basert på risikobiletet i regionen og som byggjer bru mellom brannordningane i den enkelte kommune. Dette vil gje ei tydeleg og føreseieleg skildring av samvirket mellom lokale kapasitetar og regionale forsterkningsressursar. Det regionale planverket vil vere felles operative handlingsplan for kommunane som kvitterer ut risiko definert i m.a. overordna ROS-analysar og i fylkes-ROS.

Samarbeidet vil omfatte følgjande fagområde:

1. Brannførebyggjande arbeid

Å førebygge brannar og ulukker er den viktigaste oppgåva til alle brannvesen. Den nye forskrifta om brannførebygging stiller krav om eit meir målretta og allsidig brannførebyggjande arbeid. Til forskjell frå tidlegare, må kommunane no ta eit større ansvar for å gjennomføre risikovurderingar, fastsette

satsingsområde basert på risiko og gjennomføre tiltak i samsvar med dei etablerte planane.

Tilsyn er framleis eit viktig verkemiddel, men det skal ha ei risikobasert tilnærming. Forskrifta gir også kommunane høve til å gjennomføre andre brannførebyggjande aktivitetar med utgangspunkt i lokalt risikobilete. Det føreset at kommunane etablerer ein systematikk som gjer det mogleg å evaluere eige førebyggjande arbeid. Føremålet med dette er å lære og å sikre kontinuerleg betring.

2. Brann- og redningsberedskap

Å dimensjonere brann- og redningsberedskapen og den operative handteringsevna er vanskeleg. I tillegg vil delar av denne beredskapen vere retta mot hendingar som sjeldan skjer. Difor er det viktig for regionen at kommunane samarbeider om disse oppgåvene. I dette ligg det ei erkjenning av at ikkje alle kan oppretthalde kompetansen for alle typar hendingar, og at spesialistmiljøa utviklar seg best vidare gjennom praktisk erfaring. Beredskapsløysingar på tvers av kommunegrensar vil i slike tilfelle vere svært føremålstenlege.

Det viktigaste motivet for å etablere ein oversiktleg og systematisk beredskapsstruktur som omfattar fleire kommunar, er trongen for å gjere kvart einskild innsatslag best mogeleg i stand til å løyse oppgåvene dei er dimensjonerte for å kunne handtere. Samvirket mellom lokale kapasitetar og sentrale eller regionale spesialgrupper skal sikre optimal slagkraft allereie ved førsteinnsatsen, samstundes som tilgangen til støtte- og forsterkningsressursar blir føreseielege. På same måte vil felles system for prosedyrar, kompetanseutvikling, øvingar, innkjøp o.l. gi ei standardisert fagleg utvikling i alle dei involverte kommunane.

3. Naudmeldingsteneste - 110-sentral

110-sentralen i Hordaland omfattar i dag 28 kommunar i Hordaland og to kommunar i Sogn og Fjordane. Sentralen mottar meldingar om brannar, ulykker og akutt forureining og sørgjer for effektiv varsling av næraste brann- og redningsressurs. Operatørane ved 110-sentralen har også ei viktig oppgåve med å støtte lokal brannsjef / innsatsleder når hendingar skal handterast.

Å være tilknytt ein 110-sentral er ei lovfesta plikt. Dersom ein eller fleire kommunar ikkje ønskjer å være en del av det totale samarbeidet, vil Vest brann- og redningsregion ivareta dette vilkåret gjennom å selje denne tenesta til aktuelle kommunar.

4. Interkommunalt utval mot akutt forureining - IUA

IUA Bergen region består i dag av 23 kommunar i Hordaland og tre kommunar i Sogn og Fjordane. Utvalet har som oppgåve å etablere system og beredskap for å kunne aksjonere ved akutte forureiningar som anten gjeld fleire kommunar eller har eit omfang utover det den enkelte kommune er dimensjonert for å kunne handtere.

Den statlege forureiningsstyremakta har pålagt kommunane i landet om å samarbeide om beredskap mot akutt forureining gjennom IUA-strukturen. Dersom ein eller fleire kommunar ikkje ønskjer å være en del av det totale samarbeidet, vil Vest brann- og redningsregion ivareta dette vilkåret gjennom sal av beredskapen til aktuelle kommunar.

Vest brann- og redningsregion

Basert på dei formelle føringane og faglege rammene som vert stilte til brann- og redningstenesta, naudmeldingstenesta og den akutte beredskapen mot forureiningar, tilrådingar frå rapportar og utgreiingar, samt faglege vurderingar gjort av eigne arbeidsgrupper, fremjar Bergensalliansen forslag til ein heilskapleg samarbeidsmodell for dei sjølvstendige brann- og redningstenestene i

bergensregionen gjennom etablering av Vest brann og redningsregion.

Vest brann- og redningsregion skal ikkje være arbeidsgjevar, men skal basere den faglege utviklinga på personell tilknytt det enkelte brannvesen.

Organisering

Det enkelte kommunestyre

Det enkelte kommunestyre fattar avgjerd om å melde seg inn og ut av brannsam arbeidet. På same måte godkjenner det øvste avgjerdsorganet i kommunen vedtektene for eit slikt samarbeid. I tråd med vedtektene, skal også kommunestyret utnemne representantar til årsmøtet i samarbeidet.

Årsmøtet

Årsmøtet – samansett av representantar frå kommunestyra i deltakarkommunane – er det øvste avgjerdsorganet i samarbeidet og skal sjå til interessene til deltakarkommunane, setje saman styret og velje styreleiar.

Styret

Styret – samansett av rådmenn, kommunalsjefar e.l. – skal sjå til at Vest brann- og redningsregion er i stand til å løyse oppgåvene etter føremålet i vedtektene gjennom å ha eit overordna ansvar for planlegging, gjennomføring og rapportering.

Administrasjonskommune

Bergen kommune er foreslått som administrasjonskommune. Administrasjonskommunen skal stå for dagleg leing og drift av Vest brann- og redningsregion og stille kontorfasilitetar til disposisjon for sekretariatet.

Leiar for Vest brann- og redningsregion

Brannsjefen i administrasjonskommunen er foreslått som leiar for Vest brann- og redningsregion. Leiar rapporterer til styret, har ansvar for sekretariatet og at aktiviteten utviklast i tråd med lovverk, vedtekter og fastsette rutinar. Vidare har leiar budsjett- og resultatansvar for den totale aktiviteten i samarbeidet.

Fagutval

Fagutvala – brannsjefar og/eller avdelingsleiarar i brann- og redningstenesta – er det faglege kontaktorganet for leiaren og skal vere med på å koordinere det faglege arbeidet i regionen. Fagutvala skal også kunne bidra med å greie ut og førebu saker som skal handsamast av styret.

Sekretariatet

Sekretariatet skal yte administrativ støtte til samarbeidet, samt koordinere faglege nettverk og arenaer for kunnskapsdeling. Sekretariatet skal også være møtesekretær for årsmøtet og styret, handsame og førebu saker til desse organa.

Økonomiske konsekvensar

Vest brann- og redningsregion skal ikkje erstatte dagens lokale brann- og redningsteneste, men vere eit samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen. Forslaget inneber difor ikkje overdraging av verksemd. Vest brann- og redningsregion er vidare ikkje eit eige rettssubjekt.

Vest brann- og redningsregion vert foreslått oppretta i medhald av følgjande lover:

- Lov av 25. september 1992 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 27,
- Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) §§ 15 og 16
- Lov av 13. mars 1981 om forureiningar og om avfall (forureiningsloven) §§ 43 og 44

Rapporten tilrår at brannsam arbeidet finansierast av deltakarkommunane etter desse prinsippa:

1. Eit grunntilskot som skal vere ein viss del av det samla budsjett for kommande driftsåret.
2. I tillegg til grunntilskotet skal deltakarkommunane betale eit tilskot per innbyggjar som samla skal utgjere den resterande delen av samla budsjett for komande driftsåret.
3. Budsjett for komande driftsåret vert fastsett av årsmøtet med omsyn til aktiviteten som vert vedtatt for driftsåret.

Totalt representerer brannsam arbeidet ein meirkostnad på om lag fem millionar kroner, der 80 % er øymerka til utvikling av spesialtenester for regionen, materiell og fellessystem. Dei resterande 20 % vil i hovudsak bli nytta til koordinering av fagmiljø og uthenting av synergjar mellom desse.

Vedtekter

Vedtektene frå rapporten, er etter mottatt høyringsinnspel til Bergensalliansen, blitt justerte etter møte den 27. januar 2017. Følgjande er endra etter det opphavlege forslaget frå rapporten:

- For § 7 Årsmøtet

Dei to første setningane i siste avsnitt er byta ut med følgjande: «Én representant fra hver arbeidstakerorganisasjon tilknyttet brann- og redningstjenesten har møte- og talerett uten forslagsrett på årsmøtene. Ved lukkede møter skal arbeidstakerorganisasjonenes møte- og talerett vurderes særskilt»

- For § 9 Styret

Første setning i tredje avsnitt er byta ut med følgjande: «Årsmøtet velger styremedlemmene og deres vararepresentanter blant rådmenn, kommunaldirektører, kommunalsjefer eller andre på tilsvarende nivå i deltakerkommunene.»

- For § 9 Styret - styrets oppgaver, pkt. c.

Ny tekst som erstatter pkt. c under styrets oppgaver «Påse at det til enhver tid foreligger et felles overordnet plandokument som bygger bro mellom brannordningene i kommunene, samt fordele spesialfunksjoner og –oppgaver»

- For § 9 Styret

Dei to første setningane i siste avsnitt er byta ut med følgjande: Én representant fra hver arbeidstakerorganisasjon tilknyttet brann- og redningstjenesten har møte- og talerett uten forslagsrett på styremøtene. Ved lukkede møter skal arbeidstakerorganisasjonenes møte- og talerett vurderes særskilt»

- For § 13 Fagutval

1. Mindretalsmerknad frå Fagforbundet, 16. september 2016
2. Innspel frå Fylkesmannen i Hordaland, 3. januar 2017
3. Innspel frå Regionrådet i Nordhordland til møtet 11. januar 2017
4. Innspel frå NITO, 17. januar 2017
5. Innspel frå Statens strålevern, 24. januar 2017

6. Innspel frå Fagforbundet, 20. januar 2017 • Innspel frå Kystverket, 20. januar 2017
7. Innspel frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 26. januar 2017

Nytt avsnitt lagt til «Fagutvala sine medlemmer skal velgest blant brannsjefar og avdelingsledere frå brann- og redningstenestene i deltakarkommunane.»

Forslag til oppdaterte vedtekter for samarbeidet følgjer som vedlegg 1.

Prosess

Bergensalliansen forstår at det å etablere Vest brann- og redningsregion er krevjande fordi ulike kulturar og system skal samkøyrast. Ei trinnvis utvikling, basert på god involvering av tilsette og fagmiljø, er difor avgjerande for å lukkast.

Tilrådinga er basert på ein omfattande dokumentasjon som går fram av rapporten «En tryggare kvardag». Denne er utarbeidd av eit samla fagmiljø i regionen og vert lagt til grunn for den trinnvise utviklinga som er tilrådd. Rapporten følgjer som vedlegg 2.

Arbeidet med rapporten og grunnlaget for tilrådinga frå Bergensalliansen har vore leia av ei styringsgruppe samansett av Terje Søviknes – ordførar i Os kommune, Harald Schjelderup – byrådsleiar i Bergen kommune, Kari-Anne Landro – ordførar i Sund kommune, Hans-Erik Ringkjøb – ordførar i Voss kommune og Øyvind H. Oddekav – ordførar i Meland kommune.

Innstillinga frå styringsgruppa har vore på høyring. Det er gjennomført to innspelsmøte, eitt med rådmennene i regionen og eitt med fagforeiningane som organiserer dei tilsette i brann- og redningstenesta.

Bergensalliansen tok i mot følgjande skriftlege innspel:

- Mindretalsmerknad frå Fagforbundet, 16. september 2016
- Innspel frå Fylkesmannen i Hordaland, 3. januar 2017
- Innspel frå Regionrådet i Nordhordland til møtet 11. januar 2017
- Innspel frå NITO, 17. januar 2017
- Innspel frå Statens strålevern, 24. januar 2017
- Innspel frå Fagforbundet, 20. januar 2017 • Innspel frå Kystverket, 20. januar 2017
- Innspel frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 26. januar 2017

Høyringsinnspela med merknadar til rapporten er lagt ved som vedlegg 3. Kommentrar frå sekretariatet til Bergensalliansen til høyringsinnspela som er mottatt er lagt ved som vedlegg 4.

Frå møtet med rådmennene i deltakarkommunane vart det sett ned ei eiga rådmannsgruppe som skulle kome med innspel til saksframlegget. Gruppa har mellom anna diskutert trongen for ein samarbeidsavtale, i tillegg til vedtektene, som skulle følgje saksframlegget.

Gruppa vart delt i synet på om dette skulle utarbeidast. Styringsgruppa for brannsam arbeidet til Bergensalliansen har difor vald å ikkje utarbeide ein eigen samarbeidsavtale. Difor vert det foreslått å vurdere etter eitt års drift om det er trong for ytterlegare detaljering av samarbeidet gjennom ein samarbeidsavtale.

For å sikre at dei økonomiske konsekvensane for samarbeidet er føreseielege, har rådmannsgruppa også gitt tilslutnad til at det kan setjast inn eit forslag til felles vedtakspunkt som avgjer budsjettet dei første tre åra. Forslaget seier at det i det første året vert lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner, og at dei neste to driftsåra berre justerast for løns- og prisvekst.

Handsaming i Regionrådet og inn mot Bergensalliansen

Brannsam arbeidet er handsama i Regionrådet i to møter. Første gang i sak 76/16 i møte 9/16. Her vart det gjort følgjande vedtak:

«Regionrådet set ned ei arbeidsgruppe som vurderer nærare kva som må bli avklart / bli tydelegare i rapporten, og at dette vert tatt opp med Bergensalliansen. Arbeidsgruppa vert beståande av Karl Johannes Romarheim, Øyvind Oddekalv, Hallvard Oppedal, Reidun Halland, Ørjan Raknes Fortun og NUI.»

Administrativt kalla Bergensalliansen inn til møte med rådmenn frå heile fylket 11. januar. Arbeidsgruppa ovanfor hadde eit forberedande møte 6. januar for å førebu innspel.

Ein del av oppsummeringa frå møtet med rådmenna i fylket var:

«Et av forslagene var å samle noen av dere til en arbeidsgruppe, som skal bistå sekretariatet til Bergensalliansen med å utarbeide et forslag til en samarbeidsavtale som skal følge forslag til saksfremlegg med vedtekter. Flere mente at det var fornuftig med en samarbeidsavtale som regulerer samarbeidet mer i detalj, og som er enda tydeligere på hva samarbeidet skal handle om, enn det vedtektene alene klarer å formidle. Jeg er enig i dette, og vi må nå bruke den tiden vi trenger for at invitasjonen vi skal sende ut gir dere det beste beslutningsgrunnlag til å bygge en sak på.»

Følgende rådmenn er foreslått til å bistå sekretariatet med å utarbeide et forslag til en samarbeidsavtale:

*Rådmann Ørjan Raknes Forthun fra Lindås kommune
Rådmann Steinar Dalland fra Tysnes kommune
Rådmann Steinar Nesse fra Fjell kommune
Kommunalsjef tekniske tjenester Torbjørg Austrud fra Voss kommune
Kommunaldirektør Robert Rastad fra Bergen kommune*

Sekretariatet vil utarbeide et grunnlag og utkast til en samarbeidsavtale som utgangspunkt for diskusjon i gruppen. Forslaget som blir utarbeidet vil dere få anledning til å kommentere.»

Arbeidet med denne samarbeidsavtalen kom aldri i gang. Konklusjonen frå Bergensalliansen si side var at arbeidet med ein samarbeidsavtale ville bli for krevjande i forkant av samarbeidet, men at det er noko ein kan kome tilbake til når samarbeidet er starta opp.

Dette er ein beklageleg konklusjon då vedtektene verken er eller skal vere detaljert nok i skildringa av innhaldet i samarbeidet. Vedtektene skal først og fremst klargjere dei formelle rammene rundt samarbeidet.

Det har likevel skjedd endringar i vedtektene på bakgrunn av innspela som kom frå fleire instansar i 2016 og i møte den 10. januar 2017. Desse endringane vart handsama i prosjektgruppa i Bergensalliansen 27. januar og er skildra under «Vedtekter» ovanfor. I tillegg er det kome eit nytt vedtakspunkt 6. Dette avgrensar omfanget av samarbeidet dei tre første driftsåra.

Endringane knytt til styre og fagutval gjev både betre styring av samarbeidet og betre involvering av tillitsvalde. Den økonomiske avgrensinga er nødvendig inntil samarbeidet blir evaluert første gang og ein har eit betre grunnlag for å sei noko konkret om vidare utvikling av samarbeidet gjennom ein samarbeidsavtale.

Den 27. juni vart det kalla inn til møte i arbeidsgruppa nedsett av Regionrådet. Sidan det ikkje var utarbeida noko samarbeidsavtale var det forslaget til felles saksutgreiing som var tema for møtet. Arbeidsgruppa var einige om å melda saka opp til første møte i Regionrådet for om mogleg få til ei felles innstilling frå kommunane i Nordhordland. Det var mogleg med tre tilrådingar. Positiv, negativ eller positiv med nokre atterhald.

Saka vart handsama på Regionrådet sitt møte 19. september som sak 20/17. I dette møtet vart ein ikkje samde om ein felles tilråding for kommunane i Regionrådet og saka vart teken til vitande.

Alver kommune

Denne saksutgreiinga med tilråding er lik for dei tre kommunane som skal bli Alver kommune.

Etter inndelingslova har Alver kommune høve til å ta stilling til om dei vil vere ein del av dette og andre interkommunale samarbeid i samband med kommunesamanslåinga. I praksis inneber dette at Radøy, Meland og Lindås kan melde seg ut av samarbeidet når ein blir Alver kommune.

Økonomi

I rapporten «Brannsamarbeid i bergensregionen – En tryggere hverdag» er økonomi omtala på side 25 til 26. I tabellen går det fram kva kostnadene aukar med i høve alternativet «Alt fortsetter som i dag». Desse tala er lagt inn i tabellen nedanfor for Radøy, Meland og Lindås.

Brannsamarbeidet isolert i ny ordning kostar 5 millionar kroner. I tabellen nedanfor er det vist kostnad for Radøy, Meland og Lindås med fordelingsnøkkel 20 % likt pr. kommune og 80 % etter innbyggartal.

Differansen mellom desse tala skyldas endring i fordelingsnøkkel frå dagens organisering av IUA og 110-sentral til det nye Vest brann- og redningsregion.

Kommune	Endring i kostnad frå dagens modell med IUA og 110-sentral til samla organisering i Vest brann- og redningsregion. (Kr.)	Brannsamarbeidet sin del av totalkostnad knytt til Vest brann- og redningsregion i ny modell. (Kr.) *
Radøy	111 000	71 000
Meland	101 000	94 000
Lindås	77 000	154 000

** Grunnlaget for berekninga er folketal pr. 01.01.17. Totalkostnaden for brannsamarbeidet er 5 millionar kroner og fordelingsnøkkel er 20 % likt pr kommune og 80 % etter innbyggjartal.*

Vurdering

Det er mange gode fagmiljø i heile fylket. Sidan mange av desse fagmiljøa er små vil ein kunne oppleve at kompetansen har ulikt nivå på ulike fagfelt. Målet med dette samarbeidet er å trekke ut spisskompetanse frå alle fagmiljø for å dele og styrke alle fagmiljø på områder som kan forberast.

Her vil alle brann- og redningstenester i fylket både kunne bidra og ta i mot.

Brannsamarbeidet gjeld fire område:

- Brannførebygging
- Brann- og redningsberedskap
- 110-sentralen
- IUA

De to siste punkta er samarbeid som eksisterer i dag om som vil bli lagt inn i dette IKS'et i ny organisering utan endringar.

Når det gjeld brannførebygging har Nordhordland allereie eit samarbeid. Her er følgjande kommunar med; Gulen, Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Modalen, Masfjorden, Fedje og Solund. Dette er et samarbeid som fungerer godt i dag og som kan fortsette innanfor ramme av Vest brann- og redningsregion.

Kommunane Austrheim, Radøy, Meland og Lindås ønskjer å etablere eit felles interkommunalt brann- og redningsselskap der også Modalen er inkludert. Dette er et viktig samarbeid å få på plass både knytt til beredskapen, spesielt i den nordre delen av desse kommunane og for på ein effektiv måte imøtekomme nye krav om 100 % stillingar i leiande stillingar. Vest brann- og redningsregion vil vere eit godt supplement til dette samarbeidet.

Det er gjort endringar med omsyn til organisering, omtala ovanfor, etter dei innspela som kom i prosessen. Dette er endringar som vil vere med å sikre god styring og involvering.

Proessen som er skildra ovanfor under eiga overskrift har ikkje vore så god som ein kunne ønskje frå kommunane i Nordhordland. Dette skyldas først og fremst at andre regionar i Hordaland ikkje hadde vesentlege innspel til det som var framlagt og difor ønskte seg ein raskare framdrift fram til etablering og arbeid med ein samarbeidsavtale etter det.

Den største utfordringa ved eit samarbeid som omfattar så mange kommunar som i dette samarbeidet er balansegangen mellom sterk styring som rask gir resultat og involvering av alle kommunane for å sikre at alle det vert tatt omsyn til alle. Modellen som er vald legg større vekt på involvering enn på styring. Dette kan føre til utfordringar knytt til om samarbeidet leverar dei resultata ein ønskjer.

Sidan ekstra kostnaden med å delta i samarbeidet er relativt liten dei tre første driftsåra og samarbeidet er organisert som eit samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester er det vanskeleg å sjå ein stor nedside ved å delta i samarbeidet.

Om det syner seg at samarbeidet ikkje leverar resultat kan Alver kommune melde seg ut av samarbeidet i løpet av 2020 i medhald av lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetting og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingsloven).

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Meland kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. er Meland kommunes årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Meland kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skall budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst
7. Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.

Formannskapet - 114/2017**FS - behandling:****Framlegg til vedtak i møtet:**

Ordførar og varaordførar (vararepresentant) vert vald.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

1. Meland kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Meland kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. Øyvind H. Oddekalv og Nils Marton Aadland (vararepresentant) er Meland kommunes årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Meland kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skall budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst
7. Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingrid Raniseth	PlanID - 1256 2016 0006, Plannavn - Fosse Idrettspark, Komnr - 1256, Gbnr - 24/58 m. fl	16/1505

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
91/2017	Utval for drift og utvikling	PS	24.10.2017
106/2017	Kommunestyret	PS	08.11.2017

Reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg - 2. gongs handsaming

Vedlegg:

FøresegnerII
Merknadsskjema
Plankart
Planskildring
Planvedtak_offentleg_ettersyn
Terrengprofilar
VA-plan

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På oppdrag frå Kvernbit IL legg Arkoconsult AS fram forslag til reguleringsendring for Fossemyra Idrettsanlegg. Idrettsanlegget ligg på Fossemyra mellom Sagstad og Langeland, om lag 1 km vest for Frekhaug sentrum.

Planforslaget legg til rette for å omregulere del av Fossemyra for å leggje til rette for bygging av ny idrettshall/fotballhall og flytte dagens 11ar-bane mot parkeringsplassen i sør. Området der hallen skal plasserast er det i dag fotballbane, det er derfor ikkje naudsynt med terrenginngrep. Eit mindre bygg/garasje må rivast for å realisere hallen.

Fotballhallen som er skissert vert på 50 x 80 m med eit mindre tilbygg i vest. Hallen skal innehalde ei 7ar-bane på 39 x 62 m, samt fasilitetar som garderobe, dusj og wc.

Offentleg ettersyn og høyring

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Utval for drift og utvikling (UDU) 6.6.2017. På møtet var utvalet på eiga synfaring og fatta deretter vedtak der dei bad forslagstillar om å utgreia 3 alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering, samt grunngjeving for val av løysing.

På ekstramøte 20.6.2017 vart det samrøystes vedtatt å leggje planen ut til offentlig ettersyn. Plasseringa til hallen var ikkje endra som følgje av utgreiinga.

Planforslaget var til offentlig ettersyn og høyring i tidsrommet 07.07.2017 – 15.09.2017. Det kom 2 merknader frå private grunneigarar/naboar, medan det frå offentlege høyringsinstansar kom 5 uttalar.

Endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn

Det er gjort endringar i plankart der byggegrensa er flytta for å imøtekomme naboar. Sjå nærare informasjon i forslagsstillar sine kommentarar. Det er ikkje gjort endringar i illustrasjonar, då desse ikkje er juridisk bindande.

Vurdering:

I samband med offentlig høyring og ettersyn kom det til saman 7 uttalar og merknader. Forslagsstiller har kommentert desse, jf. merknadsskjema vedlagt og tabell nedanfor. Administrasjonen si vurdering av uttalane kjem etter tabellen.

Merknad	Forslagsstiller sin kommentar
<p>Hordaland Fylkeskommune, 15.09.2017</p> <p><u>Planfaglege merknader</u> HFK viser til dei ulike alternativ for plassering av idrettshallen og meiner alternativet der hallen vil liggje trengt opp i mot bustader (Tua) i vest ikkje er ein god løysing og vil vere kjelde til konflikt også etter bygging. Alternativ 3 der hallen er trekt lengre aust vil dempe konfliktnivået mot naboane. I følgje planskildringa er einaste motargumenta mot dette alternativet at ein ikkje får «tumleareal» framfor hallen, og at det vert bortgøymd areal på vestsida av hallen. Gjennom utforming av anlegget og plassering av inngangar til hallen burde det vere mogeleg å finne løysingar som dempar desse utfordringane. HFK rår kommunen til å revurdere plasseringa av hallen.</p> <p><u>Samferdsle</u> Med idrettsanlegget og barneskolen på kvar sin side av Fv 244, vil det være viktig å finne gode løysingar for mjuke trafikantar. Dette inneber tilkomst til busshaldeplass, kryssing av veg og avkjørsler. Viser til SVV si uttale om at det vert utarbeida ein trafikkanalyse for kunne vurdere trafikktilhøva etter at hallen er bygga. Analysen vil vere grunnlag for mogleg rekkefølgjekrav knytt til etablering av gang-sykkelløysing. HFK støtter Statens vegvesen si vurdering av å fokusere særskilt på tilhøva for mjuke trafikantar i dette området.</p>	<p><u>Planfaglege merknader</u> Som nemnd i planskildringa vil alternativ 3, der hallen er trekt lengre aust mot Meland Aktiv gje eit uoversiktleg og bortgøymt område mellom hallen og Tua. Idrettslaget har allereie erfaring med uønskja adferd knytta til rus i området og ein ønskjer difor ikkje at inngangspartiet/tumleområde skal verte eit slikt område når hallen ikkje er i bruk. Eit tumleområde her vil dessutan også generere meir støy tettare opp til Tua, medan hallen vil fungere som ein støydemper om ein har tumleplassen mellom Meland Aktiv og hallen.</p> <p>Elles er det viktig med eit stort nok areal ved inngangsparti til den nye hallen, hovudsakleg for å ivareta den enkeltes tryggleik. Nye grupper skal entre hallen når andre grupper forlater hallen. Å ha eit oversiktleg vrimleareal kan difor vere avgjerande i kritiske situasjonar for ein ambulanse.</p> <p>Avrenning av gummigranulat frå fotballanlegg har vore mykje omtala i media siste tida. IL Kvernbit ønskjer å være en føregangsklubb i å hindre avrenning av gummigranulat frå Fossemyra. Eit stort nok vrimleareal er også avgjerande for å få på plass soner der gummigranulat kan samlast og gjenbrukas på anlegget.</p> <p>Konklusjon: Idrettslaget har gått i gjennom teikningar og oppmåling enda en gong og</p>

<p><u>Kulturminne</u> HFK har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern og har ingen merknader når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.</p> <p><u>Konklusjon</u> HFK har merknader til plassering og utforming av idrettshallen og ber om at merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.</p>	<p>konkluderer med at flytting av hallen på inntil 3 meter mot aust, ikkje fører til romendringar eller større utfordringar. Er difor innstilt på at hallen kan flyttast inntil 3 meter mot aust i høve til dagens plassering.</p> <p><u>Samferdsle</u> Viser til kommentar frå SVV sin merknad under.</p> <p><u>Kulturminne</u> Teke til orientering.</p> <p><u>Konklusjon</u> Plassering vist til i planframlegget er gjennomtenkt og vurdert vil å vere det beste for både idrettslaget og omgjevnader. Ein har likevel vurdert det til at hallen kan flyttast 3 meter mot aust (mot Meland Aktiv).</p>
<p>Statens vegvesen, 15.09.2017</p> <p>Ved varsel om oppstart bad Statens vegvesen (SVV) om at det blei utarbeida ein trafikkanalyse som omtalar korleis trafikken vil endre seg ved bygging av hallen og at fv. 244 mellom Fossemymra idrettspark og Frekhaug og at denne strekninga ikkje toler auka trafikk av omsyn til mjuke trafikantar langs vegen. Dei bad også om rekkjefølgjekrav knytt til gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 før ein kan starte bygging av idrettshallen, dersom tiltaket vil skape meir trafikk.</p> <p>Dei registrerer at det i trafikkvurdering (planskildring side 28), konkluderast med at oppføring av hallen ikkje vil føre til auka eller endra trafikksituasjon i området då aktiviteten på området allereie er opp mot maks i høve til kva anlegget har kapasitet til. Meland kommune stetter denne konklusjonen i sitt saksframlegg sist dagsett 20.06.2017. Kommune skriv at: <i>Eit rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen er ikkje vurdert som naudsynt i denne planen.</i></p> <p>SSV meiner at etablering av hall vil utvide brukstida for anlegget, både på kveldstid og vinterstid, noko som vil føra med seg auka trafikk. Dei ber difor om at dette vert gjort greie for og at kravet om opparbeiding av tilbod til mjuke trafikantar vert vurdert på nytt før 2. gongs handsaming.</p> <p>Viser til lokale og nasjonale målsetningar (fleire gåande/syklende) og visjon om null skadde/drepne i trafikken og omsynet til trafikktryggleik, særleg i område der born og unge ferdast.</p>	<p>Trafikkanalyse syner at trafikken ikkje vert auka ved bygging av hallen. Det er difor ikkje lagt inn rekkjefølgjekrav knytt til gang- og sykkeltilbod langs FV 244.</p> <p>Viser elles til at Statens vegvesen har varsla oppstart av detaljregulering for Sagstadvegen med etablering av gang- og Sykkeltilbod og utviding av vegen langs FV244 Sagstadvegen på strekninga frå Frekhaug sentrum til og med kryss mot Sagstad skule (planID 1256 2017 0003). Ein ser dette som positivt men viser også til at FV244, Sagstadvegen, i liten grad vert nytta av skuleborn frå Frekhaug til Sagstad skule/Fossemymra idrettsanlegg. Dei nyttar i staden i all hovudsak Bustølvegen som går sør og parallelt med Sagstadvegen. Dette vert den raskaste vegen til Sagstad skule/idrettsanlegget når ein kjem frå Frekhaug/Mjåtveit. I tillegg er det gangbru over hovudvegen (RV564). Elles er Bustølsvegen ein kommunal veg med maks 15-20 einebustader og svært låg trafikk ÅDT. Dvs at å oppgradere Sagstadvegen med fortau ikkje betyr at borna sluttar å nytte Bustølvegen.</p> <p>Når det gjeld kapasiteten på idrettsanlegget er den som nemnd allereie sprengd og hallen vil ikkje generere nemneverdig meir trafikk til idrettsanlegget. Som nemnd støttar også Meland kommune denne konklusjonen i sitt saksframlegg dagsett 20.06.2017. Etablering av hall vil ikkje utvide brukstida for anlegget, verken på kveldstid eller vinterstid. Talet og storleik på baner vert det same, det vert kun ein av utandørsbanene som vert erstatta med ei innandørs bane i hallen.</p> <p>Å eige, byggje og drifte idrettsanlegg er i dei fleste tilfelle ein kommunal oppgåve. I Meland er det i liten grad tilfelle. Fossemymra Idrettspark</p>

<p>Statens vegvesen fremjar difor krav om opparbeiding av tilbod til mjuke trafikantar på strekket av fv. 422 som i planarbeid for gnr. 24 bnr. 7 m.fl. Langeland.</p>	<p>(Idrettsanlegg) har vore under konstant utbygging dei siste 30 åra og det er på høg tid å ferdigstille anlegget. Privat gjevar verdset den enorme innsatsen som ildsjeler utfører dagleg for at kommunens innbyggjarar, store som små, skal få tilgang til sunn aktivitet året rundt.</p> <p>Kapasitetsmessig er det ingen endringar i PlanID: 20160006 i høve til dagens situasjon. Ein kunstgrasbane forsvinner og ein ny kunstgrasbane byggas. Å flytte aktivitet frå utandørsaktivitet til innandørsaktivitet, medføre ikkje auka trafikk verken på dagtid, kveldstid, sommar eller vinter.</p> <p>At born/grupper får betre og meir bekvemme treningstilhøve er ikkje det same som auka aktivitet. Om så var, må vi som idrettslag, som kommune, som nasjon vere opptekne av at fleire oppfyller ønskje om minimum 30 minutters fysisk aktivitet kvar dag for å førebyggje framtidige livsstilsjukdomar.</p> <p>IL Kvernbit har fått tilsagn om inntil kroner 10.000,- frå Fylkestrafikk-sikringsutvalget i samband med årets refleksaksjon. Refleksutdeling i regi av Kvernbit har vore ein tradisjon i fleire år.</p> <p>Konklusjon: IL Kvernbit tar dei mjuke trafikantane på alvor. Meir enn 60% av lagets medlemmer er under 18 år. IL Kvernbit vil vere første som applauderer ny framtidig kommunal veg, inkludert gang og sykkelveg fra Frekhaug til Fossemyra.</p>
<p>NVE, 24.08.2017 Ingen merknader til planframlegget</p> <p>Fylkesmannen i Hordaland, 10.08.2017 Ingen merknader til planframlegget</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Tatt til orientering</p>
<p>Ungdomsrådet, 14.09.2017 Ingen merknader til planframlegget</p> <p>Naboar i Tua, gbnr. 24/124-125, 14.09.2017 (har kome med 2 merknader)</p> <p>Viser til tidlegare merknader i saka og vil som næraste naboar til idrettsanlegget protestere på det sterkaste mot planane om fotballhallen slik han no ligg føre. Viser òg til dei 3 ulike alternativa med plassering;</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. i sørenden av området. 2. i nordaustre hjørne av området 3. trekt vekk frå bustadene deira og nærare 	<p>Tatt til orientering</p> <p>Kostnadene ved Alternativ 1 og 2 er av ei slik karakter at det då ikkje vert aktuelt å byggje nokon hall i planområdet. Elles ønskjer forslag-stillar av hallen å redusere eventuelle negative konsekvensar for naboar i Tua og har sett nærare på forslaget om å flytte fotballhallen mot aust (mot Meland Aktiv). Idrettslaget ser at det er mogleg å flytte hallen med inntil 3 meter mot aust – i høve til dagens plassering i reguleringsplanen – utan at det fører til nokon endringar i romfordeling og grunntilhøve. Idrettslaget foreslår difor at fotballhallen flyttast inntil 3 meter mot Meland</p>

Meland

Viser til at dei ønskjer alt. 2, i nordaustre hjørne av området, men at dette alternativet (saman med alt. 1) vert avvist av forslagstillar grunna vanskelege grunntilhøve. Dei etterlys difor ei kostnadsberekning for utbetring av grunntilhøva.

Dei er òg overraska over at ein ikkje ønskjer å redusere dei negative konsekvensane for dei ved at ein heller ikkje vurderer alt.. 3 der hallen er trekt bort frå bustadene deira. Dei krev vidare at hallen vert trekt minst 20 m aust mot Meland Aktiv.

Støygjerde

Når det gjeld støyskjerming/støygjerde viser dei til at Meland kommune har fråfalt dette kravet då bebuarane i Tua skriftleg har stadfesta at støyskjerming ikkje var ønskeleg. Og om hallen skal oppførast vert støyskjerming ein føresetnad og må påkostast av forslagstillar for hallen.

Trafikksituasjon

Viser til Statens vegvesen sin merknad ang. mogleg auke i trafikk på fylkesvegen og at det vil verte ein betydeleg auke når ein «byttar» ut grusbana med ein moderne innandørs hall.

Parkering

Viser også til parkeringstilhøva som vil verte verre og at det allereie i dag vert parkert langs fylkesvegen ved større arrangement.

Aktiv i høve dagens plassering.

Støygjerde

Idrettslaget vil òg minne om at ved godkjenning av utbygginga på Tua, var det eit kommunalt krav om at utbyggar skulle byggje støyskjerme mot idrettsanlegget. Ein slik støyskjerme har aldri vore bygd. I brev frå Meland kommune 12.10.2011 vart det vist til at dersom bebuarar i Tua ikkje hadde ønske om at støyskjerme vart bygd så skulle dette stilast skriftleg til kommunen. Det er ikkje kjent at slik skriftleg tilbake-melding er gjeve kommunen. Idrettslaget ønskjer også å vite kvifor ein slik dispensasjon frå støygjerde er gjeve og om det i utgangspunktet gjer greie for at det ikkje er noko støy frå idrettsanlegget? I så fall må det vere veldig gledeleg for naboane at ein ny moderne fotballhall vil redusere eventuell støy frå Fossemymra ytterligare.

At Meland kommune har fråfalt dette kravet betyr ikkje at forslagstillar av hallen skal påkoste støyskjerming når ein no meiner at ein slik støyskjerming naudsynt. Elles vurderer forslagstillar det til, som nemnd over, at hallen vil redusere støy frå idrettsanlegget. Dvs at slik forslagstillar forstår det er det meir ein visuell skjerming av hallen og ikkje ein støyskjerming bebuare i Tua ønskjer.

Trafikksituasjon

Viser til kommentar til Statens vegvesen sin merknad.

Parkering

Parkeringstilhøva er i henhold til krav i kommunen.

Rådmannen sine kommentarar til innkome merknader

Hordaland fylkeskommune, 15.09.2017

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld plassering og utforming av idrettshallen. HFK rår kommunen til å revurdere plassering av hallen for å dempe konfliktnivået mot naboane ved å flytta hallen lenger aust og dermed redusere opphaldsarealet framføre hallen.

Rådmannen påpeiker at Fossemymra er pr. i dag eit opparbeida idrettsanlegg med 2 grasbaner, 1 grusbane og 1 idrettshall (Meland aktiv). Plasseringa av den nye hallen skjer ikkje utan premisser, den må sjåast i samanheng med resterande baner og inngå i heilskap med desse. Forslaget til plassering av hallen bygger på ei samla vurdering av fleire omsyn, sjå forslagstillar alternative plasseringar i planskildringa.

Å leggje fotballhallen tett opp til gang- og sykkelvegen i aust, vil vere ei svært dårleg løysing med tanke på mobilitet og utnytting av området. Det meste av uteopphaldsarealet på Fossemymra er reine trafikkareal for tilkomst mellom dei ulike aktivitetsområda og for parkering til anlegget. Rådmannen støttar forlagstillar sin kommentar om å unngå uoversiktlege og bortgøymte areal på baksida av

hallen. Uteopphaldsareal i tilknytning til byggverk skal vere lett tilgjengeleg for brukarane og lette å orientere seg i.

Eit vrímle-/ opphaldsareal i tilknytning til eit større lokale er ein struktur vi kjenner igjen frå offentlege bygg. Arealet mellom hallen og Meland Aktiv tener som møte- og kvileplass mellom tilstellingar og er ein viktig sosial arena ein no har høve å leggje til rette for då hallen ikkje har kapasitet til eit slikt rom. Eit vrímleareal i forkant av hallen er i tråd med Meland kommune si satsing på Fossemýra idrettspark i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019*.

I plankartet er det regulert byggegrense mot naboane i vest samt at byggehøgda er regulert. Forslagstillar har i sin kommentar til fylkeskommunen gått med på at hallen kan flyttast lenger mot aust utan at det går utover planens hovudformål. Plankartet er oppdatert og ny byggegrense mot vest er teikna inn. Avstanden til nabogrense mot eigedomane på Tua vil på det næraste vere 6,5 meter, men her er høgda på hallen 7 meter. Det høgste punktet på hallen (14 meter) ligg om lag 20,5 meter frå nabogrensa mot eigedomane på Tua.

Rådmannen viser til at plasseringa av hallen i det vesentlege vil vere i samsvar med krava i plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd, ved at avstanden minst vil vere «...byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter». Avstandskrava i pbl § 29-4 er mellom anna grunngeve med at den ivaretar busetnad på naboeigedomen ved å sikre lys, rom og utsikt (*Norsk Lovkommentar, note 850*). Andre avstandskrav kan fastsettast i reguleringsplan, og avviket på 0,5 meter er lite og utan betydning for omsyna bak pbl § 29-4, gitt utforminga av hallen og høgdeforskjellen mellom naboane sine bustader og idrettsanlegget, jf ovanfor.

Kommunen ønskjer at Fossemýra skal vere eit attraktivt tilbod for alle innbyggjarane i Meland og rådmannen si vurdering er at den løysinga som er valt er den mest føremålstenlege for idrettsanlegget og den er i tråd med KPA og gjeldande regelverk.

Statens vegvesen, 15.09.2017

Statens vegvesen stiller spørsmål ved dei vurderingane som er gjort. Etter vår vurdering kan etablering av hall utvide brukstida for anlegget, både på kveldstid og vinterstid, noko som vil føra med seg auka trafikk. Statens vegvesen ber om at dette vert gjort greie for og at kravet om opparbeiding av tilbod til mjuke trafikantar vert vurdert på nytt før 2. gongs handsaming. Statens vegvesen vil fremja krav om opparbeiding av tilbod til mjuketrafikantar i alle saker som inneber auka trafikk på dette strekket av fv. 422 Sagstadvegen.

Hovudtilkomst til idrettsanlegget er i frå kommunal veg, Fosseskarvegen. Det pågår eit planarbeid for bygging av gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen, som er hovudvegen frå Frekhaug til Fossemýra. Bygginga av gang- og sykkelveg vil sikre dei mjuke trafikantane til skule, idrettsarena og bustadområde elles. Reguleringa er ein del av Nordhordlandspakka og førebels anleggstart er forventa i 2020, kva gjeld rundkøyninga. Det er avgrensa med midlar i NH-pakka og byggstart for gs-anlegget kan liggje lenger fram i tid. Det er naudsynt å poengtere at det fins eit trygt tilbod til dei mjuke trafikantane via kommunalveg, Bustølvegen, som går parallelt med fylkesvegen om lag 200 m sør. Det er ikkje belyst frå vegvesenet si side at det i dag fins eit alternativ til fylkesvegen.

Forslagsstillar har vurdert at tiltaket i liten grad vil endre trafikkmønsteret til idrettsanlegget i forhold til dagens trafikk. Ved oppføring av hallen vert det ikkje fleire lag eller folk som trener, men dei som allereie nyttar tilbodet i dag får betre vilkår. Forslagsstillar har vist til timeplanen for treningstider på anlegget i dag, som viser at anlegget har fullt belegg, og at det er fleire lag/grupper som må nytte eksisterande baner samtidig:

Treningstider Fossemyra Bane 1 ved fjell

Kl.	Mandag			Tirsdag			Onsdag			Torsdag		
	A	B	C	A	B	C	A	B	C	A	B	C
16:30-17:00												
17:00-17:30	G-2007	G-2006	J-2005	G-2008	G-2009	G-2010	J-2007	J-2004	J-2003	G-2007	G-2008	J-2009
17:30-18:00	G-2007	G-2006	J-2005	G-2008	G-2009	G-2010	J-2007	J-2004	J-2003	G-2007	G-2008	J-2009
18:00-18:30	G-2007	G-2006	J-2005	G-2008	G-2009	G-2010	J-2007	J-2004	J-2003	G-2007	G-2008	J-2009
18:30-19:00	G-2005	J-2004	J-2003			G-2005	G-2003		J-00-01-02	G-2005	G-2002	G-2003
19:00-19:30	G-2005	J-2004	J-2003			G-2005	G-2003		J-00-01-02	G-2005	G-2002	G-2003
19:30-20:00	G-2005	J-2004	J-2003			G-2005	G-2003		J-00-01-02	G-2005	G-2002	G-2003
20:00-20:30	ENK	ENK	J-00-01-02	VETERAN	ENK	G-00-01	NWP	G-00-01			Kamp	
20:30-21:00	ENK	ENK	J-00-01-02	VETERAN	ENK	G-00-01	NWP	G-00-01			11'er	
21:00-21:30	ENK	ENK	J-00-01-02	VETERAN	ENK	G-00-01	NWP	G-00-01				

A=mot MA

Den nye hallen vil først og fremst leggje til rette for betre plass og fasilitetar for eksisterande lag/grupper. Talet på brukarar vil først og fremst avhenge av årskull, og ikkje at det vert oppført ny fotballhall.

Det er fotballhall som skal oppførast. Ikkje ein fleirbrukshall som potensielt kunne ført til betraktelig auke av brukarar. Rådmannen stettar forlagstillar si utgreiing som er gjort i planskildringa og vurderer at tiltaket ikkje vil auke trafikken betrakteleg langs Sagstadvegen.

Rådmannen er kjent med Statens vegvesen sitt krav om trafiksikkerveg for mjuke trafikantar langs Sagstadvegen og er enig at vegen slik den framstår i dag ikkje er tilfredstillande. Vidare meiner ein at eitt rekkjefølgjekrav for etablering av gang- og sykkelveg er naturleg at vert stilt i samband med kommersiell utbygging av Sagstadorrådet. Det er viktig at kommunen no får utbetra forholda på Fossemyra med innandørs fotballbane. Rådmannen meiner derfor det er uheldig om eit rekkjefølgjekrav skal stoppe bygging av eit samfunnsnyttig tiltak som gagnar heile kommunen, spesielt born og unge.

Rådmannen vil anbefale at Bustølvegen vert betre merka og at Kvernbit IL aktivt oppfordrar sine brukarar til nytte denne vegen framføre Sagstadvegen. Dette gjeld uavhengig av om hallen vert bygd eller ikkje. Anlegget vert mellom anna brukt av Sagstad skule, Meland ungdomsskule og Danielsen skule og ein tryggleiksaksjon retta mot skulane vil nå mange av brukarane.

Naboar i Tua, 14.09.2017

Totalt har 8 bebuarar i Sagstadvegen 101 A og B og Sagstadvegen 99 A og B motsett seg planforslaget med foreslått plassering av hallen. Merknadene frå naboane gjeld plassering av hallen, trafikkavvikling, parkering og støyskjerming mot deira eigedomar, jf merknadsskjema ovanfor. Når det gjeld rådmannen si vurdering av plassering, trafikk og parkeringstilhøve, vert det vist til øvrige kommentarar.

Naboane i Tua har konkret stilt krav om at forslagsstillar må koste oppføring av gjerde på deira eigedomar i grensa mot idrettsanlegget, samt at dette vert stilt som rekkjefølgjekrav før byggearbeida med hallen kan starte opp. I nabomerknadene journalført motteke 14.09.2017 er følgjande opplyst:

«I planskildringa er det oppført eit støyskjermingsgjerde mellom Fossemyra idrettsanlegg og våre eigedomar. Som kjent er denne støyskjerminga ikkje på plass i dag. Dette etter ønske frå oss. Meland kommune har seinare utstedt ferdigattest på eigedommane utan støyskjerming og følgjeleg er det ingen krav til eigedommane våre som ikkje er oppfylt. I møte med utbyggjar av Tua, 13.12.2011 stadfesta Meland kommune at kravet om støyvoll kunne fråfallast dersom bebuarane skriftleg stadfesta at støyskjerming ikkje var ønskeleg. [...] Dersom hallen blir oppført som planlagt vil behovet vårt for slik skjerming vere aktuelt igjen. Vi oppfatter det slik at oppføring av gjerde må vere ein føresetnad for å få bygge hallen. Vi forventar også at

oppføring av eit slikt gjerde må skje på forslagsstillar sitt ansvar og rekning. Dette spørsmålet må vere avgjort før byggesaka er avgjort, og gjerdet må oppførst før byggearbeida startar»

Kravet er stilt av naboane med tilvising til *Reguleringsplan for Tua* (arealplanid 1256 2006 0007), som gjennom kart og føresegn inneheld følgjande rekkefølgjekrav for bruksløyve for delfelt D, jf. reguleringsføresegna § 2 (utdrag) :

«For delfelt D skal støyskjerm mot idrettsplassen vera etablert før det kan gjevast bruksløyve for bustadane innanfor delfelt D.»

Og vidare i § 3 (utdrag):

«Støyskjerm skal byggjast i grensa mot idrettsplassen i ei lengd på om lag 60 meter. Støyskjermen skal ha følgjande oppbygging: murfot, jordvoll, sikringsgjerde og tett beplantning på sjølve jordvollen. Kote på buskene/plantane skal vera minimum 53.0 moh.»

Av byggesaken knytt til bustadene innanfor delfelt D (arkivsakid 09/1753), går det fram at desse fekk ferdigattest 09.06.2011. Ferdigattestane blei gitt utan at det i sluttdokumentasjonen frå utbyggjar blei opplyst at støyskjerm i samsvar dei siterte reguleringsføresegna ikkje var oppført. Ei tid etter at bygga var tatt i bruk – i samband med behandling av søknad om seksjonering av bustadane – oppdaga kommunen at støyskjerm ikkje var oppført. Det var eitt av fleire tilhøve innanfor planområdet som ikkje var i samsvar med plan, mellom anna parkering, og leikeplass. Tilhøva blei tatt opp med utbyggjar i ettertid, som opplyste at bebruarane i bustadene ikkje ville ha gjerde mot idrettsplassen. I møtereferat datert 13.12.2011 er følgjande opplyst frå kommunen:

«Dersom bebruarar skriftleg seier at støyskjerm ikkje er ønskeleg vil ein kunne akseptere gjerde slik det er satt opp.»

Ved erklæring datert 09.04.2012 stadfesta bebruarane at dei ikkje ville ha støyskjerm, men berre gjerde slik det var oppført. Erklæringa er journalført motteke 20.04.2012, arkivsakid 11/1205, og har følgjande innhald:

*«Beboere i Sagstadvegen 99 a + b og 101 a + b godkjenner med dette nåværende gjerdet mot idrettsplassen. Det er **ikke ønskelig** at utbyggere erstatter dette gjerde med en høy støyskjerm.»*

Rådmannen vurderer at det i dag ikkje er grunnlag for å ta inn rekkefølgjekrav i føreliggjande planforslag om oppføring av tett gjerde mot idrettsplassen. Dette var eit krav kommunen i så fall måtte stilt i 2012 mot utbyggjar av bustadene. Sakshistorikken viser at kommunen den gong var innstilt å oppretthalde kravet mot utbyggjar, men aksepterte i staden bebruarane sitt ønske om å ikkje stille krav om støyskjerm. Å velte dette kravet over på forslagsstillar av føreliggjande planforslag framstår på denne bakgrunn lite rimeleg. Hallen vert dertil plassert med byggjegranser med avstandskrav til nabogrenser som idet alt vesentlege vil vere i samsvar med plan- og bygningslova § 29-4, jf ovanfor.

Rådmannen held fast ved tidlegare vurderingar av naboulempen knytt til planforslaget. Oppføring av idrettshall er i samsvar med overordna plan (KPA), og bebruarane i Sagstadvegen har sjølv fråfalle kravet om oppføring av støyskjerm mot idrettsanlegget. Sjølv utan støyskjerm eller visuell skjerming mot ny hall (tett gjerde) meiner rådmannen at ulempene for naboane ligg innanfor det som er forsvarleg. Det er ikkje noko til hinder for at dei naboane som ønskjer det sjølv bygger tett gjerde mot idrettsplassen. Reguleringsplanen for Tua opnar framleis for dette og støypt fundament for slikt gjerde er på plass.

Folkehelse

Planforslaget fremmar gode levevilkår og aktivitet i kommunen. Sykkelparkering er ivareteke i planforslaget.

Miljø

Administrasjonen kan ikkje sjå at planforslaget vil ha spesielle konsekvensar for miljøet eller naturmangfald. Kvernbit IL har i dag eit system for oppbevaring og avrenning av gummigranulat samt ein plan for handtering av desse når hallen er etablert.

Økonomi

Ikkje aktuelt.

Konklusjon

Plan- og bygningslova sitt utgangspunkt er at innhaldet i reguleringsplanar – innanfor rammene av lova – ligg til kommunestyret sitt frie skjønn. Vurderingane må vere saklege og bygge på ein forsvarleg saksbehandling og eit riktig faktisk grunnlag. Kommunen har såleis heimel til å regulere aktuelle areal slik ein meiner er mest føremålstenleg.

Vurdert opp mot den samfunnsmessige gevinst ein oppnår ved planforslaget, meiner Rådmannen at naboulempene ikkje er større enn det som kan akseptrast. Hallen er i storleik og utforming tilpassa idrettslaget sitt behov. Plassering er valt på bakgrunn av konkrete vurderingar av grunntilhøva og idrettslaget sine behov for å oppretthalde banekapasitet. Samla sett legg planforslaget til rette for effektiv og god utnytting av areala i planområdet. Dette er viktig for at idrettslaget i framtida skal kunne ha eit moderne og tilrettelagt anlegg med tilstrekkelig kapasitet.

Administrasjonen vurderer at forslagsstillar har gjort naudsynte endringar i planforslaget som følgje av merknadane og uttalane som har kome i samband med offentleg ettersyn. Uttale frå Statens vegvesen om opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar langs fv. 244 er vurdert på nytt, men ikkje teke til følgje. Merknad frå naboar i Tua som gjeld oppføring av støygjerde er ikkje tatt inn som rekkjefølgjekrav og plassering av hall (alternativ 3) vert ikkje teke til følgje. Byggegrensa er flytta 2,5 m lenger aust for å møte merknad frå Fylkeskommunen og som avbøtande tiltak mot naboane i vest. På denne bakgrunn vil vi tilrå at planforslaget vert vedteke slik det no ligg føre.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fossemymyra idrettsanlegg, PlanID 1256 2016 0006, som vist på plankart sist datert 12.10.17 og med føresegner av revisjonsdato 04.07.17, med følgjande endring plankartet:

Regulert byggegrense vert flytta lenger aust, ny avstand til nabogrense = 6,5 m.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovens § 12 – 12.»

Utval for drift og utvikling - 91/2017

UDU - behandling:

UDU – samrøystes framlegg til vedtak:

«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg, PlanID 1256 2016 0006, som vist på plankart sist datert 12.10.17 og med føresegner av revisjonsdato 04.07.17, med følgjande endring plankartet:

Regulert byggegrense vert flytta lenger aust, ny avstand til nabogrense = 6,5 m.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovens § 12 – 12.»